



Kenneth Manger
Mykingvegen 771a
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4464 - 23/42502

Saksbehandlar:
Daniella Svindal Fernando
daniella.svindal.fernando@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2023

Svar på spørsmål vedrørende makebyteavtale gnr. 46 bnr. 13

Syner til din e-post av 27.03.2023 der du har spørsmål knytt til inngått makebyteavtale mellom Radøy kommune og gnr.46 bnr.13 datert 23.04.1996.

I e-post visar du til at makebyteavtalen inneheld ein gjerdeplikt for Radøy kommune, vidare at avtalen ikkje er tinglyst og at du ynskjer å få den tinglyst ettersom kommunen har seld ut areal som grensar mot din eigedom gnr. 446 bnr. 13.

Dersom du meiner det er gjerdeplikt på eigedommen kommunen har seld, er dette eit forhold mellom deg og ny grunneigar. Det same gjeld for spørsmålet knytt til tinglysing av avtalen. I fortsettinga må vidare kontakt rundt dette spørsmålet rettast mot ny grunneigar og ikkje kommunen.

Uansett er det eit opent spørsmål om klausulen om gjerdeplikt i makebyteavtalen er knytt opp til kommunen sitt eigarskap, eller til eigedommen som sådan. Er den knytt til kommunen sitt eigarskap, vil plikten være falt bort ved kommunens vidareasal av eigedommen. I motsett fall vil gjerdeplikta hefte på eigedommen og kunne gjerast gjeldande overfor ny eigar. Det er også eit opent spørsmål om behovet for gjerdeplikt framleis gjer seg gjeldande. Uansett må vidare spørsmål knytt til gjerdeplikta takast med ny grunneigar eller evt. jordskifteretten for å fastslå gjerdeskjønn.

Når det gjeld spørsmålet om fullmakta som vart gjeven til Anton Manger også omfatta retten til å overdra fast eigedom og soleis gav myndigheit til å signere makebyteavtala på vegna av gnr. 46 bnr. 13, har kommunen lagt til grunn at gyldig fullmakt til å inngå makebytteavtalen låg føre på avtaletidspunktet. Uansett hadde ikkje kommunen grunn til å tru noko anna.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Fullmakt for Anton Manger ved privat skifte av dødsbu, vart gjeve 3 månadar før makebyteavtalen ble inngått, noko som gjer grunn til å tru at fullmakta blant anna vart gjeven med det føremål å gjennomføre og inngå makebyteavtalen.

Kommune har ikkje funne dokumentasjon i saka, som taler i ein anna retning.

Med dette vert saka avslutta hos kommunen.

Med helsing
Alver kommune Utbygging og avtalar

Inger Marie Jordal
Tenesteleiar

Daniella Svindal Fernando
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kenneth Manger

Mykingvegen 5913
771a

Eikangervåg